

Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 3 | 2022 | 77. årgang



Godt nytt kyrkjeår!

For mange av oss bærer nok førsjultida mest preg av å vere ein slags innspurt, der juleferien er mållinja. Men i kyrkja markerer overgangen til desember òg starten på noko nytt - eit nytt kyrkjeår. Og det nye tek til med adventstida. Eg håper at du finn små lommer av tid til refleksjon og ro i ein hektisk kvardag. Kanskje kan kyrkjerommet vere ein stad å finne det? Eller på ein av våre mange møteplasser i kyrkjelyden? Og om du berre har nokre minutt til overs, kan du bryne deg på quizen som Aldri Åleine-gjengen har laga, eller kanskje løyse litt kyrkjekryssord?

I denne utgåva kan du lesa litt om det nye kyrkjeåret, og få oversikt over kva som skjer både før jul og i månadane som følgjer. Men du kan òg lesa om Kirkens Nødhjelps Os-baserte fotograf Håvard Bjelland, som reiser verda rundt som hjelpearbeidar med kamera. Eg gler meg til vi får sjå bileta hans utstilt i kyrkja og på Tunet til våren i samband med Fastaksjonen.

Til slutt i bladet står det ein invitasjon til å gje eit bidrag til kyrkjelyden no mot årets slutt. Det hjelper oss å halde fram det gode arbeidet i bygda. På førehand takk!

God lesnad!



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar



DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

Utgjevar

Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar

Bente Brøvig Strømme
bentebstromme@gmail.com

Redaksjonsleiar

Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

Abonnement

Bladpengar (frivillig) kr. 200/år
Bankgiro 3201 53 26354
Vipps 20250 | Merk betalinga "Bladpengar"
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 300/år)

Opningstid kontor

Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

Kontakt

Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

SEI NOKO OM JESUS!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste ju-lehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!



Halvor Nordhaug
Avtroppande biskop i Bjørgvin

Kommunikasjonsmedarbeidar

Martin Bakke Slåttsveen
mb369@kyrkja.no

Trykk

Aksell | Opplag 9192

Forsida

Frå ungdomsturen til Furness Abbey, England i oktober.
Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Nettside

www.kyrkja.no/os

Vår grøne
kyrkjelyd



TRYKT I NORGE

GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN




Ein god gjeng deltok på "Haustcamp" i Tunet i haustferien, med godt fellesskap, danse-workshop og kjekke aktivitetar. (Foto: Ingrid Vik)

Celina, Raket, Mari og Sigrid er kreative koristar frå KOREDU som deltok på kor-festival i Skjold kyrkje i oktober (Foto: Solfrid Harstad Hernes)



Det var ikkje reint få snap'ar som vart sendt heim frå dei mange inntrykka på ungdomsleiarstur til England i oktober. (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Synne syner stolt fram stjerna som skal vise vegen heilt fram til julaften - i lag med veslebror på adventssamling for 3-åringar i Tunet. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



"Blått skilt" for Os kyrkje vart avduka under årets julemesse, med både trompetfanfare og introduksjon frå initiativtakar Fortidsminneforeininga i Bjørnafforden v/Øyvind Bugge i lag med soknerådsleiar Bente B. Strømme og nestleiar Per Gunnar Oseng.



Storsalen var dekt til fest då KOREDU opna julemessa i Tunet 19. november. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)





Jakob og Kristin gav jernet under KFUK/
KFUM & KRIK Nattcup i Haukelandshallen i
november.
(Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Marius testa orgelfingrane på eit av kyrkjebesø-
ka under ungdommanes England-tur.
(Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



↓ Trommeslager Truls har alltid eit smil på lur på Søndagssamling.
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



Ingvild, Mari og Ranveig er stødige
forsangarar på familiegudsteneste i Os kyrkje.
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit) ↓



← Knappenålsstilt i Os kyrkje då Bergen Domkor
framførte det mektige verket "Vespers" av Sergey
Rachmaninov tysdag 20.september (Foto: Sigurd
Rotvik Tunestveit)



↑ Song og musikk er ein viktig del av føremiddagstreffet Senior-Koino-
nia, her anført av Anker Gunnar Tuøy. (Foto: Ole Henrik Kongsvik)

NORE NESET KYRKJE



- Ein heim og ein tilfluktsstad

Foto: Martin Bakke Slåttsveen

Os kyrkjelyd har ei flott kyrkje på Nore Neset, sentralt i eit område med mange nye tilflyttarar. Vi er heldige som har dette kyrkjebygget, som rommer vakker kunst og har spesielt god klang for akustisk musikk. Etter pandemi-åra vil kyrkjelyden no fylle Nore Neset kyrkje med aktivitet og liv.

For at dei som bur i området skal kjenne at dei høyrer til i lokalkyrkja si, har soknerådet vedteke eit ekstra fokus på Nore Neset kyrkje dei neste to åra. I dette høvet har ein del arrangement fått sin "heim" på Nore Neset, slik som til dømes Kveldsbibelskulen og babysong på torsdagar. I førjulstida har babysongen temaet «Vi rir til Betlehem» i det velklingande kyrkjerommet.

Men å skape eigarskap, lokalt engasjement og samkjensle skjer ikkje berre ved å sette ulike arrangement på plakaten. Då må andre ting òg skje. Det er nemlig oss, du og eg, som er med å skape denne fellesskapen

- ved at vi møter opp og tek del i det som skjer, med den vi er som menneske. Der vi kan inkludere kvarandre, gje rom for ulikskapar hjå kvarandre, vere nysgjerrige og kanskje våge å gå ut av komfortsonen og bli kjent med nye menneske. For kyrkja i Os ynskjer å vere med å prege miljøet og fellesskapen blant oss som lever her på ein god måte. Vi ynskjer å skape rom for ein god møtestad i kyrkja.

Nore Neset har et eige utval med engasjerte medlemmar som blant anna arbeider med å legge til rette for ulike arrangement. I haust har vi hatt konsertar og allsongkvelder, trusopplæringstiltak og kor-innspeling av julemusikk, for å nemne noko. Ein spennande idé leidde til ein novemberveld med "open kyrkje" der vi samla ei gruppe med ulike typer handarbeid og kunne få litt hjelp og inspirasjon av kvarandre over ein kopp kaffe, te og gløgg på vei mot adventstiden.

Fyrste søndag i advent arrangerte vi årets utgåve av «Lys Våken», trusopplæringstiltaket for sjetteklassingar med overnatting i kyrkjerommet og familiegudsteneste på sundagen, der ungene får møte engelen Gabriel som førebur seg til ein storslått fest i himmelen. Skal tru om vi kanskje får møte engelen Gabriel att på kyrkjelyden sin store juletefest første laurdag i januar? Endeleg er det råd å invitere til ein skikkeleg juletefest att. Det blir ein kjærkomen samling for kyrkjelyden - tradisjonen tru i Nore Neset kyrkje.

Det er med andre ord mange kjekke ting å ta del i. På neste side ser du eit variert program for førjulstida, og på midtsidene er mange datoar for det nye året på plass. Framover kan du halde deg vidare oppdatert på nettsidene våre, og følge Os kyrkjelyd på Facebook. Kom, og ta gjerne med deg fleire på dei ulike arrangementa, og sjølv sagt òg dei flotte gudstjenestene vi har annankvar søndag - navet i kyrkjefellesskapen. Kanskje er det nettopp du som skal få vere det smilet og det handtrykket som ein annan treng i denne tida.

Tekst: Kapellan Anette-Emilie Hitland Gangsta

Os Vocalis nytta Nore Neset kyrkje då dei spelte inn platemateriale tidlegare i haust. Foto: Privat



ADVENT I OS KYRKJELYD

Adventstida er full av gjeremål for mange. I kyrkjene våre inviterast du inn i eit frirom der du kan finne ro og reflektere over ventetida. Detaljar og evt. billetter finn du på nett. Velkommen - du vil ikkje angre!

OS KYRKJE

ONSDAG 30. NOVEMBER

Kl. 19.00 LYSMESSE med årets konfirmantar og JoinUs

SUNDAG 4. DESEMBER

Kl. 10.00 Dåpsgudsteneste

Kl. 11.15 Gudsteneste

Kl. 18.00 JULEKONSERT med Os Musikkforening

TYSDAG 6. DESEMBER

Kl. 12.00 ELDTREFF MED ADVENTSKONSERT

TORSDAG 8. DESEMBER

Kl. 11.30 Senior-Koinonia "Sommerfugl i vinterland", Landy Bakke.

Song ved Grethe Inger Berge.

Kl. 19.00 JULEKONSERT med Os Vocalis og Føllesø Mannskor

"O Magnum Mysterium"

SUNDAG 11. DESEMBER

Kl. 11.00 Gudsteneste

Kl. 18.00 JULEKONSERT med Ole Bull kammerkor

TORSDAG 15. DESEMBER

Kl. 19.30 VELDEDIGHEITSKONSERT

Som tidlegare skipar Os kulturutvikling, Os kyrkjelyd og frivillige til innsamlingskonsert.

FREDAG 16. DESEMBER

Kl. 16.30 SKUMRINGSKONSERT

I år er Kongshaug Musikkgyrmas sin tradisjonsrike morgonkonsert omgjort til skumringskonsert. Gratis inngong - ei førjulsgåve til bygda!

LAURDAG 17. DESEMBER

Kl. 16.00 og 19.00 JULEKONSERTAR med Kongshaug Musikkgyrmas.

Billetter på hoopla.no

SUNDAG 18. DESEMBER

Kl. 11.00 Gudsteneste

JULAFTAN

Kl. 14.00 Julegudsteneste

Kl. 15.15 Julegudsteneste

Kl. 16.30 Julegudsteneste

1. JULEDAG

Kl. 11.00 Gudsteneste

1. NYTTÅRS DAG

Kl. 11.00 Gudsteneste

NORE NESET KYRKJE

TORSDAG 1. DESEMBER

Kl. 10.30 BABYJULESONG med lunsj etterpå

TORSDAG 8. DESEMBER

Kl. 10.30 BABYJULESONG med lunsj etterpå

LAURDAG 10. DESEMBER

Kl. 10.00-14.00 KURS I TOVING - lær å laga flotte ting i ull!

SUNDAG 11. DESEMBER

Kl. 11.00 Gudsteneste

Kl. 18.00 JULEKONSERT m/Lyshornet Brass og Søre Neset Musikklag

TYSDAG 13. DESEMBER

Kl. 11.30 SENIORTREFF med god lunsj og godt lag

Kl. 19.00 ADVENTSKONSERT med Kyriaké

"Den Store Stjerna" av Mons Leidvin Takle og Trygve Bjerkheim

TORSDAG 15. DESEMBER

Kl. 12.00 BABYJULESONG-GUDSTENESTE - open for alle!

SUNDAG 18. DESEMBER

Kl. 19.30 JULEKONSERT med Os kammerkor og Os mannskor

JULAFTAN

Kl. 14.30 Julegudsteneste

Kl. 16.00 Julegudsteneste

2. JULEDAG

Kl. 11.00 Gudsteneste

TYSDAG 27. DESEMBER

Kl. 18.00 JULEKONSERT med familien Agasøster med gjester.

Gratis inngong!

LAURDAG 7. JANUAR

JULEFEST for heile familien!

TUNET

FREDAG 9. DESEMBER

Ungdommens julegalla i Tunet - les meir på www.ungdomstunet.net!

TORSDAG 29. DESEMBER

Kl. 19.00 Konsert: Nyttårsjazz i Storsalen

Stemning på søndagssamling

Bandet Pickled Punx rigger seg klare på scena medan folk finn seg stolar i Storsalen. I dag er dei gjestemusikantar på Søndagssamling, ein møteplass tilrettelagd for menneske med psykisk utviklingshemming, med mange kjente fjes på plass – og nokre ganske nye. Alle er velkomne til ei litt annleis samling i Tunet. Bassist Olai Kobbeltvedt vender seg mot prest Svante Havåg: - Trur du det slår an med ein Beatles-låt?



Om lag tre gonger i halvåret vert dei postlagt; invitasjonane til Søndagssamling i Tunet. For nokon er det gjævt å bli særskild invitert, men arrangementet er òg opent for alle andre som ynskjer å ta del. Programmet har enkle og gjenkjennelege element, fyrst opning med allsong, bøn og ei kort preike. Så går ein over til mat og prat rundt borda med god tid. Allsong, dans og inviterte musikk-gjester er også populært. Denne søndagen i oktober har både stamgjester og nye tilskot møtt fram. Her finst menneske med ulike tilretteleggingsbehov eller gradar av funksjonsnedsetting. Men det er òg ein god del andre som har møtt fram. Felles for dei alle er at dei trivest i selskap med kvarandre og har ei fin og sosial stund i lag, der alle er velkomne.

Det er stas å få invitasjon til søndagssamlinga i posten, synest Solveig. Ho og venninna Nina har vore trufaste deltakarar på dette treffpunktet i mange år. – Det er god mat, og kjekt med song og musikk, supplerar Nina.

Og det er fleire som set pris på musikken. Stødig anført av Arvid Varpe ved flygelet, som flankerast av Hallbjørn og Truls på trommer og perkusjon, er det godt med lyd i forsamlinga når kjente songar kjem opp på skjermen. Det blir likevel eit tydeleg scenskift då det unge gjestebandet inntek podiet og dreg i gong både Beatles og The Clash med formidabel energi. Og trøkken frå scenekanten får respons frå salen. For nokre vart det kanskje litt i overkant kraftig kost til kaffien – men spelar ein rock kan ein ikkje vente å gjere alle til lags. Vaggande hovud og entusiastiske hender i lufta tyder på at det òg var ein god del i publikum som syntest det var strålende med ein liten rockekonsert på søndagsettermiddagen.

God mat og drøs rundt borda er òg ein viktig ingrediens, og etter kvart kjem det ynskjer frå salen til fleire allsongar. Det er godt å synge i lag!

Vi pleier å seie at Søndagssamlingane er for menneske med utviklingshemming – og alle andre. Og det er jo dekkande! Det verkar som mange likar dei låge skuldrane og det gode humøret på samlingane, seier Svante, som er godt nøgd med dagens samling.

Dette er ein fin tradisjon, så vi kjem att neste gong òg, seier Solveig.

- Eg synest det var gøy, eg, meddelar Olai medan han pluggar ut bassen. – Eg trur dei likte det!

Tekst og foto: Sigurd Rotvik Tunestveit



Nina og Solveig tek gjerne turen i lag når invitasjonen til Søndagssamling dukker opp i posten.

Du kan lesa meir om
Søndagssamling på

www.kyrkja.no/os

under overskrifta «Diakoni»
og i kalenderen!

Språkkafeen i Os

Kjem du til språkkafeen møter du eit mylder av liv, menneske frå forskjellige kulturar i alle aldrar, og ein open og inkluderande atmosfære. Med eit snitt på 60 personar innom og opptil 15 ulike nasjonalitetar representerte er det ein populær kafé på ein vanleg torsdagsettermiddag i Tunet!

Kafeen er til for å lære av kvarandre, og mange som kjem vil bli betre til å snakke norsk. Praten går lett over med ein kopp i handa og noko enkelt å bite i. I tillegg deler ein gjerne kjekke aktivitetar, som redesign av klede, fotokurs og temakvelder. Mange bidreg, og mange opplever dette som ein viktig møteplass for gamle og "nye" osingar.

Språkkafeen er eit samarbeid mellom Sanitetsforeningene i Os, Norsk Folkehjelp i Os, Flyktningetjenesten i Bjørnafjorden kommune og Os kyrkjelyd. Andre organisasjonar som vil bidra må gjerne ta kontakt!

Datoane finn du på nettsidene til kyrkjelyden og i Facebook-gruppa Språkkafeen i Os. Anankvar torsdag frå 17.00 til 19.00 er du hjarteleg velkommen!

Tekst: Diakon Ingrid Vik



Foto: Ole Henrik Kongsvik

Aldri Åleine med tweens-gjengen!



Karolina, Ingvild, Åsa og Adela

Det er søndag kveld i slutten av oktober, og mørkret har seinka seg over Os-bygda. Men i Tunet er det likevel ikkje heilt roleg denne kvelden. Inn gjennom dørene kjem blide og forventningsfulle tweens. I eldstova ventar roleg musikk, og stolrekka står klar med plass til alle. Snart er vi i gang med oktoberversjonen av Aldri åleine!

Aldri åleine er eit trusopplæringsopplegg som er utvikla av Søndagsskulen Noreg, Acta/Normisjon og NLM Ung. Det er tiltenkt "tweens" mellom 10 og 14 år (femte til åttande trinn). Visjonen for Aldri åleine er "å skape trygge rom der tweens kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn". Opplegget har fokus på fellesskap og på å bygga relasjonar, og ein ønskjer å oppnå at ungene skal bli trygge både på kven dei sjølve er, og også at dei skal læra meir om kven Jesus er og kva vi kristne eigentleg trur på, for å sjølve kunne utvikla «ei trygg kvardagstru på Jesus».



William, Christian og Fillip

Samlinga tek til. Temaet for dagen er «Kva er verkelegheit?» Vi startar som vanleg med ein leik som har med dagens tema å gjera. Alle må ned på golvet, og etter litt prøving og feiling kan vi konkludera med at det faktisk går an å få det til å kjennast som om beina går gjennom golvet!

Vi ser ein filmsnutt og ulike bilde, og vi bruker tallerken-emojis for å seia kva vi føler om det vi ser. Engasjementet stig når samtalen dreier seg inn på mobilbruk - er det greitt at dei vaksne forsvinn inn i mobilane sine, nettopp det dei nektar borna å gjera? Og er det kjekkast å treffa venner "IRL" eller på skjerm? Aldri åleine-gjengen er ikkje i tvil.

Etter kvart kjem bibelforteljinga om Thomas tvilaren, framført med stort engasjement av fem utplukka frivillige. Så syng vi, og ber ei kort bønn. Og så - endeleg - kjem kveldens høgdepunkt - vi inntar borda bak i lokalet for servering av pizza og brus. Kva for brustype er det i dag?

Pizzapraten: Kva er det beste med Aldri åleine? Nokre utdrag:

- Det er mange leikar, mykje pizza, og gode spørsmål!
- Det er gøy, og så er det gøy å snakka om Jesus òg!
- Alt saman!
- At ein lærer mange nye ting.
- Det om Gud, og så å spise pizza!
- Pizza og brus er ganske populært, men det er òg mange som synes det er kjekt å høyra på historien og såne greier.
- Gøy å snakka, og så leikar vi leikar!

Har du lyst til å vera med på dette opplegget, eller kjenner du nokon det kunne passa for? Ta kontakt med Sylvi, så blir du registrert og får innkalling på Spond til neste samling! Sjå nettsidene eller vinterkalenderen for datoar.

Text og foto: Sylvi Lundgren
Tlf. 475 04 327 | sl828@kyrkja.no

KOR E DU?

"Kor e DU?"

- DU som liker å syngje?
- DU som vil prøve å syngje i kor og som går på barneskulen?

I oktober deltok KOReDU på korfestival i Skjold kyrkje arrangert av KFUK/KFUM. Her møtte vi fleire andre kor frå området og vere med på mykje kjekt! Vi øvde inn nye sengar og vi fekk velje mellom kjekke aktivitetar som hobbyverkstad, dramagruppe, bakegruppe og dansegruppe. Nokre av dei eldste overnatta og fekk med seg global-løp og kampkveld. Søndagen deltok det store felleskoret på gudstenesta og dei ulike gruppene fekk vise kva dei hadde arbeidd med gjennom ulike innslag, alt frå legobygging til foto. Ei fin oppleving i lag!

Angelina, Sandra og Ella



KOReDu hadde gleda av å opne den tradisjonsrike julemessa i Tunet laurdag 19.november. Då var Storsalen fullsett og koret fekk skikkeleg respons! No har koret begynt å øve på julesangar, for årets siste oppdrag er å syngje i Os kyrkje på sjølvaste julaften. Det blir veldig spennande!

Vi har plass til fleire i KOReDU, så det er berre å møte opp! Leiarane for koret heiter Solfrid Harstad Hernes, Ingrid Hetlevik Halland og Silje Nora Hindenes.

KOReDu øver i Tunet annankvar torsdag kl. 17.30-19.00. Vi lærer nye sanger, spelar instrument saman, leikar, lyttar til høgtlesing og avsluttar med å ete medbrakt kveldsmat saman. Går du på 5., 6. eller 7. trinn er det òg Tweens-chor som øver same dag og tidspunkt dei vekene det ikkje er KOReDu. Så du kan vere med i begge kora om du vil - sjå nettsidene eller vinterkalenderen for datoar!

Text: Sylvi Lundgren
Foto: Ingrid H. Halland



Fantastiske rammer for utforsking då turen gjekk til ruinane etter klosteret Furness Abbey, som har røter attende til 1100-talet. Som skapt for oppdagingsferd!

TUR TIL ENGLAND

I haustferien drog vi ein gjeng på 19 spente ungdommar på tur til Barrow-in-furness i England. Her skulle vi få sjå på det ungdomsarbeidet som sokneprest Roar og kona Ingvild starta opp då dei var misjonærar der. Det ble en tur med mange inntrykk og opplevelser. Vi budde på Chetwynde Hotel, der vi fekk servert deilig typisk engelsk frukost kvar morgon, og nokon fekk til og med prøvd seg på "full english breakfast". Ellers var hotellet ein fin plass å kunne trekke seg tilbake på ein ellers veldig innhaldsrik tur.



The Houd Monument står som eit fyr - eller ei diger saltbøsse? - og skodar utover landskapet. (Foto: Marius Lund Halland)



Turfølget var stort og godt!

Tysdagen var vi i Ulverston. Der fekk vi traske rundt i typiske engelske vintage og bruktbuikkar, drikke te på skikkeleg engelsk vis, gått opp til Hoad Hill og sett det engelske landskapet strekke seg utover. Men vi fekk òg møte Ruth som jobba med ungdomsarbeid i kyrkjelyden der. Ungdommane var veldig interessert i å høyre og lære om korleis Ruth og ungdommane hennar hadde det. På kvelden fekk dei eldste være med på ei bibelgruppe, og det var svært lærerikt og kjekt å bli kjent med alle dei som var der.

Neste dag stod shopping i Carlisle på planen. Dette var stas. Nokre av dei eldste ungdommane fekk til og med tatt seg en svipptur innom Skottland til Gretna Green - kanskje meir for å krysse Skottland av på lista, enn for sjølve opplevinga. Dagen gjekk fort i butikkane og i Carlisle Cathedral, og alle var stor fornøgd og slitne på vegen tilbake.



UNGDOMSTUNET

JOINUS (KOR, BAND, DANS, MATLAGING)

Tid: Onsdagar klokka 18.30-21

Stad: Tunet

KRIK OS

Tid: Fredagar 18-19.30

Ungdomsarbeidarar

Anna Skjælaaen

Tlf.: 978 79 946

Martin Bakke Slåttsveen

Tlf.: 976 66 456 | E-post: mb369@kyrkja.no

BLI MED PÅ HAPPENING!

Happening er fredagskvelder med ope hus for ungdom frå 8. trinn og ut vidaregåande skule. Det blir servert mat, og vi har plass til alle - anten du vil vere med på liv og røre eller berre slappe av i lag. Her er du velkommen!

Tid: Annankvar fredag klokka 20-23

Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter

Les meir og følg oss på



@ungdomstunet

| www.ungdomstunet.net |



/ungdomstunet

Torsdagen var det heller ikkje mindre på programmet. Høgdepunktet denne dagen var nok for mange da vi besøkte St. Marks sin klesbank. Her gav dei ut klede gratis til dei som trong det. Det gjorde inntrykk å både møte dei som jobba der, men òg dei som kom innom. Vi blei kjent med mange nye og gruppa bestemte seg for å handle inn diverse sanitærprodukt som eit bidrag til arbeidet. Her fekk fleire av ungdommane kjenne på gleda over å hjelpe nokon som verkelegt trong det. Seinare var vi òg på besøk på ein ungdomsklubb i Abby's Road Baptist Church, og spelte fotball etterpå mot nokre av ungdommane der. Dagen vart avslutta med "ULF time" og erke-engelsk fish and chips i St. Paul's church.



Fine møte med frivillige medarbeidarar i St. Mark's clothesbank.

Fredagen vart siste handel unnagjort på Tesco og ein fekk dekkja behovet for billig godteri (og vel så det). Så vendte turen heimover med en sliten og takknemleg gjeng for gode stunder, nye bekjentskap og inntrykk. Mange ungdomsleiar-spirer fekk "noko å vekse på" i laupet av desse dagane. Tusen takk til turleiarane Ingvild og Roar for at dei tok oss med på denne eventyrlege turen!



Tekst: Anna Blindheim Skjælaaen
Foto: Martin Bakke Slåttsveen

OPPSTARTSPRAT

Hanne Terese er vår nye ungdomsarbeidar!

Ho tek først til i jobben på nyåret, men vi tok ein prat for å bli litt betre kjent med det nyaste medlemmet av staben på Tunet.

- Kan du fortelle litt om deg sjølv?

- Eg heiter Hanne Terese. Eg er gift med Øivind, og vi bur på Landås saman med våre to barn på 7 og 13 år. Eg er utdanna lærer og har jobba i grunnskulen i Bergen kommune dei siste 12 åra.

- Og så den klassiske utfordringa: Beskriv deg sjølv med tre ord!

- Positiv, kreativ og omsorgsfull.

- Kva gler du deg til i den nye jobben?

- Eg gler meg til å bli kjent med ungdommane i kyrkjelyden, og til å finne på kjekke aktivitetar i lag med dei!

- Høyres bra ut! Kva hugser du best frå eiga ungdomstid?

- I ungdomsåra var eg aktiv i både speidaren og i Ten Sing. Eg har mange gode minne frå denne tida, men det eg hugser som det kjekkeste må vere turane vi reiste på i lag. Turar til Vinterfestivalen på Voss, TT i Haugesund, YMCA-festival i Praha og mange ulike leirar med speidaren.

- Kva gjer du helst på fritida?

- På fritida likar eg å vere sosial med vener og familie. Eg synger også i kor, trener litt og syr litt.

Velkommen til oss, Hanne Terese!

Sigurd Rotvik Tunestveit



Jul i framandt land

Slik vi markerer advent, har det vorte til ei slags forlenging av heile juletida. Juleradioen har starta sendingar med julemusikk frå midt i oktober, etter det eg registrerte på DAB-lista i bilen. Då eg var i England i haustferien hadde nokon allereie sett opp juletreet i sitt "front room" (Stua som vender ut mot gata i typisk engelske hus). Etter ungdomskveldar i Tunet frå slutten av oktober kan vi panta mange flaskar julebrus. Men dette skal ikkje vera eit innlegg om at jula startar så alt for tidleg for nokre av oss tradisjonalar, som til nød kan strekkja seg til å pynta juletreet 22. desember (for det er så upraktisk å venta til vesle julaftan). Dette skal handla om kva advent egentlig er i kyrkjetradisjonen.

For Advent er ein av dei to store fastetidene i kyrkjeåret. Advent er fastetida før julehøgtida når vi feirar Jesu fødsel. Og som fastetida før påske er og advent ei tid for refleksjon, ei tid for å sjå ut over vårt eige. For min del vender då tankane til datoen 24. februar.

Kva skjedde 24. februar 2022? Det kan synast lenge sidan no, men 24. februar var dagen då Russland på nytt gjekk til åtak på Ukraina. Det var dagen då (nok) ein meiningslaus krig starta. Og det var ein dag då mange måtte flykta frå heimen sin, og ta seg til framande stader. Mange frå Ukraina har i månadene som har gått òg funne vegen til Noreg og Os. Og når vi samlast i heim og kyrkje julaftan er det 10 månader sidan åtaket skjedde. Framleis er det inga løysing på krigen i sikte, og det ser ut til at den kan bli langvarig.

I møte med våre vener frå Ukraina, og frå konfliktområde andre stader i verda, trur eg at teksten i ei av dei nyare advents- og julesongane vil treffa ekstra i år:

*Flyktning, krigsbarn, hjemløs og forlatt
misbrukt, skadet i den dype natt*

(frå salma "Solbarn, jordbarn" N13 nr. 26, vers 2)

Sokneprestens hjørne

I møte med menneske som har flykta frå krig i heimlandet sitt blir julebodskapen ekstra viktig. Lat oss bruka adventstida til å reflektera litt ekstra over at det er krig i Europa, i nærområdet vårt, at det er mange gløymte konfliktar rundt om i verda og at det er menneske på flukt, som ikkje er komne fram til nokon trygg stad å vera. Lat oss be for dei, og for verdas leiarar som kan gjere noko med situasjonen. Og lat oss vera gjestfrie, særleg mot dei som no skal feira jul i framandt land, her hjå oss. Lat oss med salmen i denne adventstida be:

*Håpsbarn, fredsbarn, barn fra evighet
vis hvert jordbarn himlens herlighet.
Hør oss, se oss, Stjernebarn stig ned,
så jordens barn i alle land finner julens fred*

(frå same salme, vers 5 og refreng)

Eg ønsker alle ei velsigna og fredfull advents- og juletid.



Roar Hallesby Evjedal
Sokneprest

Salmeskatten

Salmen "Nordnorsk julesalme" vart skriven til og urframført i programserien «Lyset i mørketida» på NRK TV i 1985. Serien handla om nordnorske juletradisjonar. Det var ei tid diskusjon om den fyrste linja: «Velsigne du dag over fjordan». Opphavleg stod det «Velsigne du dal over fjordan». Nokon hevda det kunne vera Saltdal det vart referert til. Trygve Hoff brukte både «dag» og «dal», men valde «dag» som endeleg løysing. Hoff var forfattar, komponist, visekunstnar og kordirigent – ein allsidig musikal. Han vart fødd og vaks opp på Rognan i Nordland. Hoff døydde i 1987 av hjartesvikt etter ein hofteoperasjon, berre 49 år gamal.



Andrew Paul Holman
Kantor

Salme 24 - "Nordnorsk julesalme"

Velsigna du dag over fjordan, velsigna du lys over land
Velsigna de evige ordan, om håp og ei utstrakt hand
Verg dette lille du gav oss, den dagen du fløtta oss hit,
så vi kjenne du aldri vil la oss forkomme i armod og slit.

Vi levde med hua i handa, men hadde så sterk ei tru
Og ett har vi visselig sanna, vi e hardhausa vi som Du
Nu har vi den hardaste ria, vi slit med å karre oss frem
mot lyset og adventstida, d'e langt sør tel Betlehem

Guds fred over fjellet og åsen, la det gro der vi bygge og bor!
Guds fred over dyran på båsen og ei frossen og karrig jord!
Du ser oss i mørketidslandet. Du signe med evige ord
husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.




Møte
Merkedag
Minnesamvær

**Leig lokale
i Tunet!**

Informasjon og prisar får du ved
å ta kontakt på post.os@kyrkja.no
eller telefon 56 57 24 00



GODT NYTT KYRKJEÅR!



DEI LITURGISKE FARGANE:

KVITT ELLER GYLLE	er fargen for Kristus-høgtidene, fest og glede.
FIOLETT	er fargen for førebuing, bot og sorg.
RAUDT	er fargen for Anden og kyrkja, blod, eld og martyrium.
GRØNT	er fargen for vekst og livskraft.

KVA ER KYRKJEÅRET?

«Kristen helg og høgtid har prega festdagane og merkedagane i kulturen vår i tusen år. Høgtidene kjem igjen år etter år og vekslar med arbeid og kvardag i ein fast rytme. Vi kallar dette kyrkjeåret.» - Slik står det i boka Arvegull frå IKO-forlaget, som vi pleier å dele ut til foreldre ved dåp i Os kyrkjelyd.

Vi kan sjå for oss kyrkjeåret som ein sirkel slik som det vanlege året, men det tjuvstartar med ein månad. Det nye kyrkjeåret begynner med advent, den 1. desember. Dei tre hovudhøgtidene i kyrkjeåret er som kjent jul, påske og pinse. Så er det kanskje naturleg at dei har denne rekkefølga: Julehøgtida for Jesu fødsel, påskehøgtida som markerer hans død og oppstode, og pinsehøgtida for Andens som blir utrent og kyrkja sin fødsel. I tillegg er enkelte høgtidsdagar med egne tema spreidde ut over året.

Kyrkjeåret har fire kyrkjeårsfargar, eller liturgiske fargar, som seier noko om særpreget med høgtidene og høgtidsdagane. Desse fargane kan du sjå att i kyrkja på alter, lesepult og preikestol, og på presten sine gudstjenesteplass.

Kvitt er festfargen, hovudsakleg juletid og påsketid – fiolett er fargen for førebuing, bot og sorg. Dei to store fiolette førebuingstidene er advent før jul, og fastetida før påske. Fiolett er også fargen i gravferder. Grønt er vekst og liv, dei to store grønne periodene er Openberringstida på nyåret og Treiningstida mellom pinse og advent. Raudt er fargen for blod og eld, for Anden og kyrkja og martyrane som vitna om trua med sitt blod. Pinsehøgtida er raud, saman med nokre martyrdagar om sommaren og i jula.

Men kyrkjeåret startar altså med advent og førebuinga til høgtida for Kristi fødsel: Kristmessa.

Godt nytt kyrkjeår!

Svante Havåg
Prostiprest






























Napp ut og heng opp!

Os kyrkjelyd Vinterkalender

MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	T
2 <i>januar</i>	3 Open barnehage Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	4 Strikk til Tunet JoinUs	5
9 Speidaren	10 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Eldretreff <i>Kløvertun</i>	11 Strikk til Tunet JoinUs	12
16 Speidaren	17 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	18 Strikk til Tunet JoinUs	19
23 Speidaren	24 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	25 Strikk til Tunet JoinUs	26
30 Speidaren	31 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i> Kveldsbibelskule <i>Nore Neset kyrkje</i>	1 <i>februar</i> Strikk til Tunet JoinUs	2
6 Speidaren	7 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Eldretreff <i>Kløvertun</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	8 Strikk til Tunet JoinUs	9
13 Speidaren	14 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	15 Strikk til Tunet JoinUs	16
20 Speidaren	21 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	22 Strikk til Tunet JoinUs	23
27 <i>Vinterferie</i>	28 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Kveldsbibelskule <i>Nore Neset kyrkje</i>	1 <i>mars</i>	2
6 Speidaren	7 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Eldretreff <i>Kløvertun</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	8 Strikk til Tunet JoinUs	9
13 Speidaren	14 Open barnehage <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	15 Strikk til Tunet JoinUs	16
20 Speidaren	21 Open barnehage <i>Tunet</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	22 Strikk til Tunet JoinUs	23
27 Opplev påska <i>Os kyrkje</i> Speidaren	28 Open barnehage <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Kveldsbibelskule <i>Nore Neset kyrkje</i>	29 Strikk til Tunet JoinUs	30
3 <i>Påskeferie</i>	4	5	6 Skjærtorsdag

Sjå nettsidene www.kyrkja.no/os! for oppdateringar, påmelding og detaljar!

ORS DAG
FREDAG
LAUR DAG
SUNDAG

Babysong <i>Nore Neset</i>	6 KRIK Happening	7 Juletreffest <i>Nore Neset kyrkje</i>	8  <i>Os 10</i>  <i>NN 11</i>
Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDU ShubaDubs	13 KRIK	14	15  <i>Os 11</i> Aldri åleine
Babysong <i>Nore Neset</i> TweenSing	20 KRIK Happening	21	22  <i>NN 11</i>  <i>Os 11</i> Søndagssamling
Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDU ShubaDubs TiTT - Torsdag i Tunet	27 KRIK	28 "Tårnagenter" <i>Os kyrkje</i>	29   <i>Os 11</i>
Språkkafé TweenSing	3 KRIK Happening	4	5  <i>Os 10 + 11.15</i>   <i>NN 11</i>
Senior-Koinonia KOReDU ShubaDubs	10 Vinterfestival for ungdom på Voss	11	12  <i>Os 11</i>
Babysong <i>Nore Neset</i> Språkkafé TweenSing	17 KRIK Happening	18	19 Fastelavn  <i>NN 11</i>   <i>Os 11</i> Diakonien dag Aldri åleine
Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDU ShubaDubs TiTT - Torsdag i Tunet	24 KRIK	25	26  <i>Os 11</i>
Språkkafé	3 KRIK Happening	4	5  <i>Os 10 + 11.15</i>   <i>NN 11</i>
Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDU ShubaDubs	10 KRIK	11	12   <i>Os 11</i>
Babysong <i>Nore Neset</i> Språkkafé TweenSing	17 KRIK Happening	18 Strikkebasar <i>Tunet</i>	19  <i>Os 11</i> Aldri åleine
Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDU ShubaDubs TiTT - Torsdag i Tunet	24 KRIK	25 Vårkonsert Kongshaug <i>Nore Neset kyrkje</i>	26  <i>Os 14</i> Fasteaksjonen 2023
Babysong <i>Nore Neset</i> Språkkafé TweenSing	31 KRIK Happening	1 <i>april</i>	2 Palmesundag   <i>Os 11</i>
 <i>NN 19</i>	7 Langfredag  <i>Os 12</i> KRIK	8	9 1. påskedag  <i>Os 11</i>



HÅP I FOKUS

Sjølv om sjokkerande bilete frå krig og katastrofer har blitt kvardagskost, kan vi ikkje bli likegyldige. Kirkens Nødhjelp-fotograf Håvard Bjelland (56) vil lyfte fram håpet midt i krisene.

Tekst: Sigurd Rotvik Tunestveit



Fotograf Håvard Bjelland på jobb i Somalia

I 2016 vart han omreisande fotograf for kyrkja sin humanitære hjelpeorganisasjon Kirkens Nødhjelp (KN), med heile verda som arbeidsplass. For to år sidan flytta askøylværingen med sambuaren til Os. På heimekontoret med utsikt over Øyro går han gjennom og etterbehandlar bilete frå krigsherja og katastroferamma område der kyrkja sin hjelpeorganisasjon er til stades.

Den fyrste turen som KN-utsending i 2016 gjekk til Etiopia, som var ramma av tørke. Like før intervjuet kom han heim frå jobb i Syria.

Lokal kunnskap og tillit

Kirkens Nødhjelp sitt humanitære arbeid i Syria har pågått sidan 2012 etter at det braut ut borgerkrig i landet året før. I år får Syria eit ekstra fokus i KN sitt julenummer. På grunn av krigsherjingane har arbeidet vorte styrt frå Amman, hovudstaden i nabolandet Jordan. Som i mange andre konfliktområde opererer KN i

lag med lokale, trusbaserte hjelpeorganisasjonar, blant andre den gresk-ortodokse kyrkja sin hjelpeorganisasjon i Syria, kalla GOPA. Våren 2022 opna Kirkens Nødhjelp endeleg sitt eige hovudkvarter i Syria.

- Partnerar med lokal tillit og kunnskap er svært viktig. Vi er heilt avhengig av folk som har vakse opp i lokalsamfunnet og forstår dei religiøse, kulturelle og sosiale kodane der vi er. KN samarbeider ofte med trusbaserte organisasjonar. I lag med kyrkjeleg forankra partnerar kan trusfellesskapet vere med å skape tillit og ein felles plattform for arbeidet. Andre gonger er det eit muslimsk trussamfunn som har dei beste føresetnadane for å å nå fram, og då jobber KN tett med dei. Når samfunnsstrukturane er raserte, har folk gjerne låg tillit til sentralmakta. Det gjeld dessverre ikkje berre i katastrofeområde. Ofte fyller den lokale kyrkja då ei rolle som stabilt haldepunkt, der ein kan få hjelp, påliteleg informasjon og finne fellesskap.



På ein skule i utkanten av Damaskus har Kirkens Nødhjelp installert vatn og toalett. I det fullstendig utbomba området hadde dei nesten tusen elevane ikke tilgang til toalett tidlegare.

- Det viktigaste er å nå fram med hjelpa?

- Ja, Kirkens Nødhjelp arbeider humanitært, og ei viktig grunnsetning for det vi gjer er ganske enkelt at folk i naud skal ha hjelp, seier Håvard.

I kriseramma miljø kan det å bygge tillit vere livsviktig, og avgjerande for å oppnå resultat. Slik som då Håvard besøkte Malawi i 2021, der skepsisen til vaksiner var stor. Målretta informasjonsarbeid via den lokale kyrkja skapte den naudsynte tilliten til at folk likevel valde å vaksinere seg. I Etiopia var det i enkelte område svært utbredt med omskjæring av jenter, før ein via lokale partnarar fekk endra denne praksisen i ei heilomvending der andelen jenter som vart utsette for dette gjekk frå nesten alle til nær null.

- Kva kan vi som lokalkyrkje gjere for å bidra til arbeidet?

- Det er mange prosjekt kyrkjelyden kan vere med å bidra til. Eit av dei faste, årlege tiltaka som engasjerer mange er Fasteaksjonen. Vi er svært taknemlige for den enorme innsatsen som konfirmantane og kyrkjelyden gjer for på samle inn pengar til dette viktige føremålet.

Fasteaksjonen

Kvart år deltek Os kyrkjelyd i innsamling av pengar til Kirkens Nødhjelp gjennom Fasteaksjonen. Konfirmantane gjer ein stor del av jobben med å skape blest om aksjonen på sosiale medier, og gå med bøsser på aksjonsdagen, men mange andre frivillige er også med kvart år og førebud, koordinerar og samlar inn pengar til KN sitt arbeid for å gje alle tilgang til reint vatn.

- Reint vatn påverker alt. Det er difor dette vender tilbake som hovudtema for denne årlege aksjonen. Helsetenester, matforsyningar og utdanningssystem - alle er avhengig av god tilgang til vatn. Det handlar ikkje berre om å ha drikkevatt i ein brønn. Men for den sakens skuld: Er det langt å gå til brønnen, kan vegen dit i seg sjølv bli farefull for jentene som gjerne må hente vatnet, og dei kjem seg heller ikkje på skule.

I Fasteaksjonen 2023 blir vi kjent med Deodata som bur i ein landsby i Tanzania der KN sørgjer for trygt og reint vatn.



KIRKENS NØDHJELP

actalliance

Kirkens Nødhjelp er ein norsk bistandsorganisasjon som jobber i over 30 land, med nødhjelp, langsiktig utviklingsarbeid og politisk påverknad.

Kirkens Nødhjelp har norske trussamfunn og kyrkjelyder som sine oppdragsgjevarar. Sidan 1947 har KN forvalta internasjonalt diakoniarbeid på vegne av kyrkjelyder over heile landet.

Over 90% av KN sine inntekter går direkte til føremålet.

I Os kyrkjelyd mobiliserer Fasteaksjonen mange frivillige kvart år, og offergåva i kyrkjene på julaftan går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Du kan støtte KN direkte ved å vippse til

2426

Ubaix i Puntland i Somalia:

*– Det er heilt stille i leirane. Ein høyrer ikkje lyden av leik. Borna har begynt å døy. Dei er så utmatta at dei ikkje orkar å gråte. Slik skil-
drar fotograf Håvard Bjelland leiren Haji Kheir, i Puntland i Somalia.*



- Tek nordmenn tilgong på reint vatn for gitt?

- Når det har kome kokevarsel eller ein vassledning ryk, så merk-
er folk at dei nok greier seg betre utan straum enn utan vatn. Det
er vel då vi innser kor viktig vatn eigentleg er.

KN er ekspertar på vatn, og har kunnskap og utstyr til å finne
vatn sjølv i vassfattige konfliktområde. I ein landsby i Syria utan-
for Homs bora dei 350 meter etter grunnvann før dei fann ei åre.

Ser etter lyspunkt

Reisefølget frå Noreg tel gjerne to stykker - ein skrivande report-
er i tillegg til fotograf Håvard - og målet for reisa er som regel å
møte KN-kolleger og tilsette i lokale samarbeidsorganisasjonar,
og dokumentere arbeidet dei gjer i møte med lokalbefolkninga.
Og inntrykka som møter han i felten kan vere overveldande. Dei
fleste av oss kjenner berre bileta frå TV-skjermen, men det er
noko anna å lyfte ein teltflik til sides og stå andlet til andlet med
ei mor som nyleg har mista to born på grunn av matmangel.

*- Korleis klarer du å halde fokus på å ta gode bilete i ein slik
situasjon?*

- Empati er viktig for å ta gode bilete. Å komme så tett på gjer
sjølvsgagt sterkt inntrykk, men ein kan ikkje late seg bli overman-
na av situasjonen. For meg hjelper det å fokusere på håpet, for
det finst alltid der. Ungar er ungar overalt, dei leikar og ler i flyk-
tningeleirar òg. Ein mors hand kan fortelle om omsorg. Det som
ofte kan berøre oss aller mest er noko vakkert som skjer midt i
krisen. Det gjer oss dessutan i stand til å orke å faktisk sjå på
bileta, og forstå at dette angår oss.



Kontrastar

Det er langt frå Syria til Stølsvegen. I forkant av kvar tur er det
mykje logistikk, søknadar, papirarbeid og planlegging som må på
plass. I etterkant er det både kontorarbeid, rapportar, sortering
av bilete og debrief av inntrykka frå turen.

- Det eg jobbar med handlar om kommunikasjon. Eg må tenke
“kva skal til for å formidle det som skjer?” og bruke faget mitt
for å få realisert det. Når eg er heime, jobber eg mykje med for-
midling og rådgjeving. Ute i felten er eg ein hjelpearbeidar med
kamera. Det eg gjer er ein del av sjølv hjelpearbeidet - bileta er
ikkje berre dokumentasjon, forklarar Håvard.

Men denne jobben er ikkje heilt slik kommunikasjonsrådgjevarar
flest er vane med. Går turen til område som er definerte som
“raud sone” er debrief med psykolog i etterkant obligatorisk.
Tryggleik er veldig viktig, og ein øver difor på ulike scenarier der
ein kjem ut for vanskar, blir teke til fange og liknande. I blant er
turane planlagte og booka inn månader i forkant - andre gonger
blir reiseruta lagt nokre timer før avreise. Kontrastane i jobb-
vardagen er store. Nokre få dagar etter at Håvard kom heim frå
Ukraina i vår stod han i ei fullsett Os kyrkje og viste fram dagsak-
tuelle bilete av familiar på flukt til heile konfirmantkullet, som då
gjorde seg klare til den årlege Fasteaksjonen.

- Eg minnest at det var veldig, veldig stille i kyrkja, seier Hå-
vard, som òg stod bak bileta frå mellom anna Malawi som fronta
Fasteaksjonen 2022.

*Anna fra Mykolaiv fødde sonen Markus på veg inn i ein buss
under fluktå frå krigen i Ukraina. Her er dei trygt på plass i
Kirkens Nødhjelp sitt senter i Bucuresti.*



Dundo, Angola

Alt er usikkert. Alt er nytt.
Men flyktningleiren
er akkurat langt nok unna Kongo
til at det er tryggere her.
Sony Solange (3) rakk ikke å ta med
seg dukken sin.
Men hvis du legger godviljen til, så
kan sandalene likne ganske mye.
Og en å leke med hjelper mye.

**Jeg er
på ingen måte
håpløs
for du har jo litt
og jeg har jo
deg**

Bilete som skapar endring

- *Korleis har det vore å flytte til Os?*

- Eg har blitt glad i Os. Eg likar osingen og Osbygdo. Etter ein mannsalder i hovudstaden var det klart eg sakna Vestlandet. Men Oslo har betre vår.

Håvard Bjelland veit kva han snakker om. I over 30 år arbeidde han på Bergens Tidende sitt "distriktskontor" i Oslo, og forsynte bergensarane med nyheitsbilete frå alt frå Stortinget til Branns bortekampar. Han var til stades på ei rekkje olympiske leikar, slik som Lillehammer 1994. I Beijing-OL i 2008 foreviga han Kjersti Tysse Plätzer då ho kappgjekk inn til sølvmedalje bak russiske Olga Kaniskina, som seinare vart teke for doping. Og frå norske jubelscener var kontrasten stor til krigen i Afghanistan. der han var på bakken og fotograferte norske styrkar i aksjon for å hjelpe oss å forstå kva som føregjekk.

- Det kan høyrest litt svulstig ut, men eg ynskjer jo å skape endring gjennom å ta bilete.

Og ser ein tilbake på nyhendene som har fulgt bileta hans, har Håvard lukkast med dette fleire gongar.

Gjennom åra i BT opplevde Håvard at bileta hans av opphogging av norske skip i India vart startskotet for at norske styresmakter fekk endra FN's internasjonale regelverk mot vestleg skipsdumping i u-land. Med engasjement for norske krigsveteranar sin psykiske helse gav han i 2014 ut dokumentarboka "Gi meg heller livet: Ein dokumentar om soldatveteranar i Norge" i lag med journalistkollega Bjørn Asle Nord. Og då barn av asylsøkarar vart

tvangsutsendt frå Noreg i hopetal i 2014, var han med nokre av dei på reisa og dokumenterte det som etter kvart vart omtala som "asylbarn-saka".

- Ingen dagar var like i BT, og det er dei ikkje i KN heller. Men tida frå eg trykker på utløyserknappen og til handling skjer kan vere endå kortare no. Det er dét som er jobben min, å ta bilete som berører og mobiliserer mottakaren til å ta del i ei endring.

Utstilling til Fasteaksjonen 2023

Kvart år mobiliserer Os kyrkjelyd i lag med andre kyrkjer over heile landet til Fasteaksjonen. I 2023 finn aksjonen stad 26.-28. mars. I forkant av dette jobber ei prosjektgruppe i kyrkjelyden med planlegging, og konfirmantane har internasjonalt engasjement og verdsvid diakoni i fokus. For å skape lokalt engasjement har Håvard eit ess i ermet.

- Til Olavsfestivalen i Trondheim i 2018 fekk KN laga ei fotoutstilling med 25 trykk på store aluminiumsplater, sett saman med poesi av Trygve Skaug. Sidan har denne biletsamlinga vore utstilt i mange stadar i landet. I mars er det veldig flott at vi får høve til å vise dei fram på Os, seier Håvard. 🙏

Biletet og teksten ovanfor er henta frå fotoutstillinga som finn stad i Os kyrkje og på Tunet i mars 2023, og blir annonsert på kyrkja sine nettsider. Alle foto er tekne av Håvard Bjelland, medan tekstane som følgjer kvart bilete er skrivne av artist og poet Trygve Skaug, som var elev på Kongshaug Musikkgyminas frå 2001 til 2004.

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Opningstider: Måndag stengt, tysdag-fredag 11-17, laurdag 11-15



**Her finn du det meste
- til ein rimelig pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

*Vi treng fleire
medarbeidarar til eit
hyggeleg arbeidsmiljø!
Ta kontakt ved interesse!*

MILJØ MØTEPlass MISJON



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"



DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLOSTER

GRAVMINNER



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no

TRAVELNET

REISEGARANTI
RGF
FONDET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | www.verden.no

Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR



Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:

Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

DRENERING • MURING • SPRENGING



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307

Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

Os Gravferdsbyrå as



**Døgntelefon
56 57 49 50**

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette
for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av
nye monumenter

Tilføyelser / Oppussing



EIKNER
100ÅR
2008

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTUN
TLF. 55 98 70 00



Daniel Røksund
938 26 432



Alexander Olsen
473 80 260

Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt kontor i Os sentrum



Ring oss
915 05560



Kontakt oss på
emvest.no

Kom innom
kontoret vårt
i Os sentrum.



EiendomsmeidlerVest

Kyrkjekryss

Send løysinga til post.os@kyrkja.no og ver med i trekninga av ei premie!



	HEILAG INSEKTA		VERDSETT IX		ÅTE	HISSA	JA		RAMME PERSON
	→					→	UFF KJEKS		
						MOLD JULE- SOLIST			
	VINTER- AKTIVITET STRIKE- PART		EKTE	BLAUTA- SKIT					
	DO ... MI HJELP!		KATTE- DYR FROSE VATN					NOREG FERD	
				DIGERT LAMPANE					
	RHO	LUKTE LANDS- HØVDING						IKKJE	
	SKLI TEPPA		I VATN URTEN					DATA- KOMM. BØNDENE	
		BLAFRE				ØRKEN- LUND SPIS			
SPØRJE VÆR		BROTTS- VERK SNOP	TRAKLE HALSEKUTANE RESTANE		PASNINGA FORD				
		FIGUR- LÆRE				PRESTÉR PREP.			FISK KYRKJE- DELEN
A F E L L	UJAMN LUFT- LAG	EGON FABRIKK	GODT I GLASET MOTSTAND		GUD- INNE		SØPPEL		
					MÅNE- FASE HJELPE- ORG.	SURBÆR PLUSS			
	RETT			FILMHUS PÅLEGG		JULE- KEISAR	SPINNE- HJUL		
	HYSJ GJEN- GANGAR		←	←	←	←	←		
			↓		YTRE DYRT SKRIVE- RETSKAP	OM LAG PÅFUNN	KONKUR- RANSE BORTI	SMITTE- TAL EL- KOSTNAD	
DAMPAR GRUPPE			VENDE BØR		HIT OG BUSTAD		AKK OG	ODDE SLEIP	
		PLANTE LOSNE		SMARTE GREIT		STYRT RØYS			
S V E L L	PIR JAMT	TOPPKARAKTER LILLETA+ BORDBEIN	↓			KVALM PØBELEN		X ORDEN	
			FUGL				SIMPLE PROTEST		
			HEYER- DAHL- FLÅTE	KOKO ALPHA		INAKTIV ELVAR		LEIING SKINN	
TAL- KORT	KAMP- SPORT URO				UÆRLEG FISK HJELPE- ORG.				TA DETTE OG
TREIG- INGEN LINE				LETTE 5		IKKJE LETTE UNG SJÅFØR			
			→						

Totalentreprenør
og byggmester.



dosen.no

BJØRN
DØSEN

Bli med på Aktiv Adventskalender!

Blir det mykje stillesitting i desember? Ja, då har du moglegheita til å vere med på ein spennande og aktivjulekalender. Os kyrkjelyd har i samarbeid med Os Orienteringsklubb og KFUK-KFUM speidarane arrangert aktiv julekalender med orienteringspostar rundt om i bygdo vår.

Kvar dag vert det trekt ein ny vinnar av dagspremie. Hovudpremien vert trekt på nyåret 2023 og er eit gåvekort på kr. 500,- i Os Sentrumsforeining pluss ein turorienteringskonvolutt (verdi kr. 200,-)!



Kle på deg ute-kleda, finn fram hovudlykta, lys rundt i mørket og finn postane som visast i appen. Last ned appen ZippyGO (eller oppdater fjorårsversjonen) for å bli med på fine turar. Postane vert lagt ut slik at etter nokre dagar kan få ein fin runde. For å vinne dagspremie må appen synkroniserast før neste dag kl 12.00!

Alle som deltek har moglegheit til å vinne hovudpremien, så lenge dei er registrert inn i enten app eller på nettsida. Kvar post du tek reknast som eit lodd i trekninga av hovudgevinsten.

LUKKE TIL OG GOD TUR!

Bli frivillig medarbeidar i kyrkjelyden!

“TUNET-TEAM”

Klargjere til arrangement og utleige, enkelt reinhald og vedlikehald

Er du god til å rydde og rigge?

Tunet-teamet klargjer vår fantastiske kyrkjelydshus til arrangement - Julemesse, kurs og møter, Fasteaksjonen, 17.-maikafé, Skapingsdagar, konfirmantarbeid og liknande. Kan du stable stolar, føre ein feiekost og halde god orden, og gjerne trå til ettermiddag eller helg, så treng vi deg!

GUDSTENESTEhjelp

Kalkvaskarar
Tekstlesarar
Kyrkjeverter

KYRKJEKaffi

Lage til og vere vertskap for kyrkjelyden sitt treffpunkt etter gudsteneste

IKKJE NØL MED Å TA KONTAKT MED OSS!

tlf. 56 57 24 00
post.os@kyrkja.no

TRUSOPPLÆRINGSUTVAL

Vil du vere med å utvikle trusopplæringstiltak for aldersspennet 0-18 år?

AKTIVITETSSTØTTE

for konfirmantgrupper som
KRIK, friluftsliv og
nettkonfirmantar

JULEMESSEKOMITÉ

stå i bresjen for ein storstilt
aktivitetsdag i kyrkjelyden
19. november!

1. Kven sa «Gud spelar ikkje med terningar»

- a) Albert Einstein
- b) Presten
- c) Jesus
- d) Keiser Augustus

2. Kva heiter galaksen som solsystemet vårt er ein del av?

- a) Mjølkeglaset
- b) Mjølkevegen
- c) Mjølkeskvetten
- d) Mjølkeka

3. Kven var Isaac Newton?

- a) Ein berømt skodespelar
- b) Ein berømt kunstmalar
- c) Ein berømt matematikar og fysikar
- d) Ein berømt forfattar

4. Vitskapsmannen Galileo Galilei skreiv i 1610 «Takk til Gud for at han lar meg vere den første til å sjå så vedunderlege ting!» Kva var det Galilei var den første til å sjå?

- a) Sola
- b) Stillehavet
- c) Mars
- d) Månene til planeten Jupiter

5. Kva brukar vi til å studere stjernene?

- a) Stetoskop
- b) Mikroskop
- c) Teleskop
- d) Forstøringsglas

6. Kor mange planetar er det i vårt solsystem?

- a) 7
- b) 8
- c) 9
- d) 10

7. Kor mange sommarfuglartar finnast i Noreg?

- a) 2
- b) 20
- c) Om lag 200
- d) Om lag 2000

8. Kor stort vengespenn har verdas største sommarfuglar?

- a) 8 cm
- b) 15 cm
- c) 30 cm
- d) 60 cm

Quiz

Desse spørsmåla har “Aldri Åleine”-gjengen laga. Kor mange greier du? (Vil du ha ein tøffare utfordring, ikkje les alternativa!

- 1.a) Albert Einstein
- 2.b) Mjølkevegen
- 3.c) En berømt matematikar og fysiker
- 4.d) Månene til planeten Jupiter
- 5.c) Teleskop
- 6.b) 8
- 7.d) Om lag 2000
- 8.c) 30 cm

Fasit

Vinnarar frå Julemessa i Tunet 19. november

Gevinst	Vinnar
Herresykkel Vermont	Sara Hetlevik Halland
Damesykkel Ortler	Knut Ivar Askeland
Marshall bluetooth-høgtalar	Thorstein Skårnes
Firemannstelt	Leah Pedersen Hindenes
Sovepose	Siri Brekke
Fjellråven-sekk	Aud Johannessen
Hengekøye	Tobias Træen
Dokke med heimelaga klede	Eli og Kjell Barmann
DAB-radio	Margrete Austestad
LEGO-boks	Oliver Danielsen
Brodert juleduk	Ronny Anda Øvrebotten
Måleri av Bente B. Strømme	Anne Turid Bjørnevik
Gåvekort på klesreparasjon	Anne Elise Svellingen
Fonos konsertbilletter	Anny og Kåre Bakke
5 sekker ved	Per H. Røykenes
Måleri av Bente B. Strømme	Sindre Hodneland
Glasfat	Anny og Kåre Bakke
Kransekake	Bente Helen Drægri
Strikka babysett	Arvid Varpe
Stamp frå Tønnegarden	Aud Jorunn Guttormsen

Hjarteleg takk til alle gode krefter i kyrkjelyden som sytte for ein innhaldsrik dag! Overskotet vart solid og resultatet er endå ikkje heilt klart, men julemessa vil i år som tidlegare gje store tilskot til eit mangfaldig og inkluderande barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden i året som kjem.

Velkomen att til neste år!

Arr. Os sokneråd v/ julemessekomiteen.

Innsamla offergåver sidan 17.07.22

Dato	Takkoffer til	Beløp
17.07.22	Eigen kyrkjelyd	4390,-
31.07.22	NLA Høgskolen	2323,-
07.08.22	Misjonsprosjektet i Os kyrkjelyd	6010,-
14.08.22	Norges Kristelige Studentforbund	3128,-
21.08.22	Tunet	4185,-
28.08.22	Det hvite bånd, Bjørgvin krets	5759,-
04.09.22	Tunet	5850,-
11.09.22	Eigen kyrkjelyd	6842,-
18.09.22	Tunet	7051,-
25.09.22	Søndagskulen i Norge	6338,-
02.10.22	Tunet	5070,-
09.10.22	Misjonsprosjektet i Os kyrkjelyd	5437,-
16.10.22	TV-aksjonen: Leger Uten Grenser	9267,-
23.10.22	Kongshaug Musikkgymnas	33146,-
30.10.22	Eigen kyrkjelyd	7901,-



Døypte

14. august
Mathias Olai Havre

21.aug
Dimitrios Ivar Karampatos-Fordelsen
Ella Engelsen
Josefine Apeltun
Olay Fosse

28.aug
Emil Røen
Odin Holmefjord Lindborg
Sander Mykkeltvedt

04.sep
Atelie Gaugstad
Hedvig Fimreite
Johannes Nordstrønen
Lasse Lærum
Theo Lambach
Vårin Marie Nilsen

11.sep
Henrik Steensen

18.sep
Axel Berg
Gustav Henriksen

25.sep
Gianna Myhre
Noah Skaathun

01.okt
Marius Birk Nordstokke

02.okt
Christer Storum
Emil Myhre
Leonel Engelsgjerd
Lucas Lilletvedt
Mari Stang
Olav Stang

09.okt
Max Fenne
Mie Fenne

16.okt
Abel Iversen
Ida Sofie Skorve
Mia Williamson
Noelle Tveit

30.okt
Aksel Sværen
Isabell Hjellev
Jenny Gjertsen

6.nov
Judith Marie Kaastad
Sigrid Drange

13.nov
Ovian Eknes Storli
Mathias Moldøen-Kongshavn
Lara Sofi Aaland Hope

Vinnarar frå Misjonsmessa i Tunet 29. oktober

Gevinst	Vinnar
Hardangersaumsduk	Ingrid Drabløs
iPad	Fam. Blindheim Skjælaaen
Dokke m/ klede	Bodil Duesund
Koffert	Mia Sørbø
Tursekk	Jorunn Hodneland
Bestikk	Berit Fiksen Foldrup
Salatbolle-sett	Liv Marit Vik Dale
Strikka pledd	Edvard Bjørnevik
Velvære-pakke	Astrid Heggernes
Gåvekort Havnechefen	Hans Magne Hagen
Helly-Hansen bag	Jan Wivegh
Strikka genser	Sylvi Lundgren
Brodert duk	Jorunn Brekke
RUMMY - brettspel	Ingfrid Åkre
Vakuumpaskin	Margunn Lunde Hetlevik
Brodert løper	Karin Utnem Gangdal
Ligretto-spel	Lars Hernes
Stavmixer	Målfrid Bøthun
Bok: Haldis Moren Vesaas	Fam. Lian Skjælaaen
Gåvekort KALI	Bente Skarding
Hadeland lyslykt	Anny & Kaare Bakke
Dreia trebolle	Ruth Wenche Søfteland

Overskuddet på årets Misjonsmesse vart om lag kr. 105 000,- Fantastisk!

Takk til alle som bidrog til det flotte resultatet, enten ved å gi salgsvarer, gevinster, hjelp til med alt det praktiske; og ikkje minst: Takk til alle som kom, kjøpte varer, spiste vafler og kaker og tok masse lodd. Vi sjåast neste år!

Messekomiteen og styret i Fellesforeningen for NMS i Os

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



OS HAGESERVICE
alt innen hage

**Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.**

56 57 66 77 99 00 80 80

www.oshageservice.no



Frå kyrkjebøkene



Vigde

Os kyrkje 27. august

Kim Norvard & Cecilie Therese
Thuen Særvold

Os kyrkje 27. august

Maria Totland Bakke & Eirik Vivelid

Os kyrkje 17. september

Janne Kaland Drevassbukt &
Hendrik Weber

Os kyrkje 1. oktober

Cecilie Øvrebø & John Anders
Myhre

Os kyrkje 1. oktober

Ida Kristine Skønberg Kvåle &
Fredrik Mjøs Rasmussen

Os kyrkje 1. oktober

Mariann Halhjem & Nils Henrik
Brevik

Os kyrkje 30. oktober

Sara Haugland & Dag Gjertsen

Os kyrkje 12. november

Rebecca Stefine Lien & Marius
Bjørkmann Schurmeyer

Birte Larsen
f. 26.08.1964 d. 13.09.2022

Reidun Riple
f. 10.03.1942 d. 15.09.2022

Aslaug Sjøbø
f. 24.08.1930 d. 24.09.2022

Else Marie Eidsvik
f. 15.02.1942 d. 27.09.2022

Thomas Opheim
f. 18.10.1982 d. 01.10.2022

Benedicte Foss
f. 30.12.1972 d. 02.10.2022

Ronny Knutsen
f. 08.07.1976 d. 06.10.2022

Andor Mortensbakke
f. 09.07.1933 d. 08.10.2022

Frode Gunnar Heimdal
f. 11.07.1972 d. 09.10.2022

Solfrid Lilly Rotnes
f. 29.07.1934 d. 12.10.2022

Gro Veslemøy Moberg
f. 16.03.1933 d. 23.10.2022

Aud Wiik
f. 28.06.1934 d. 23.10.2022

Jim Rune Reiten
f. 03.04.1969 d. 24.10.2022

Arne Hauso Næss
f. 12.06.1943 d. 25.10.2022

Hans Nikolai Røykenes
f. 04.01.1939 d. 25.10.2022

Magnus L. Moberg
f. 16.09.1926 d. 27.10.2022

Stig Gamlemshaug
f. 03.05.1962 d. 28.10.2022

Robert Matre
f. 01.05.1953 d. 28.10.2022

Björg Galtun Moberg
f. 20.11.1937 d. 28.10.2022

Sigmund Nilsen
f. 20.06.1940 d. 28.10.2022

Trond Frode Årvoll
f. 11.10.1953 d. 03.11.2022

Jan Magnus Berge
f. 18.03.1940 d. 10.11.2022

Bjørn Lyder Johnsen
f. 22.07.1942 d. 10.11.2022

Kvil i fred



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd - Tilsette

Sokneprest

Roar Hallesby Evjedal
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

Kapellan

Anette-Emilie Gangstø
Tlf: 452 80 278 | E-post: at826@kyrkja.no

Prostiprest

Svante Havåg
Tlf: 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

Kyrkjeverge

Kristine Fjeld
Tlf: 414 26 859 | E-post: kf253@kyrkja.no

Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

Kantor

Andrew Paul Holman
E-post: ah292@kyrkja.no

Diakon

Ingrid Vik
Tlf: 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

Konsulent - økonomi/ gravplassforvaltning

Monica Refsdahl
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

Konsulent - administrasjon/utleige

Inger-Johanne Haugland
Tlf: 457 13 710 | E-post: ih985@kyrkja.no

Kateket

Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

Barne- og familiearbeidar

Sylvi Lundgren
Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

Trusoppplærar, frivilligkordinator

Elisabeth Saxe Vinkler
Tlf: 456 52 788 | E-post: es295@kyrkja.no

Ungdomsarbeidar

Anna Blindheim Skjælaaen
Tlf: 978 79 946 | E-post: ab258@kyrkja.no

Kommunikasjonsmedarbeidar, ungdomsarbeidar

Martin Bakke Slåttsveen
Tlf: 986 66 456 | E-post: mb369@kyrkja.no

Driftsleiar

Kenneth Molland
E-post: km893@kyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar

Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Linn Kjerstin Østgulen
Marianne Tveit
Terje Rød

Kyrkjegardsarbeidar

Øyvind Dreyer

Kyrkjetenar

Jakob Nygard



Døde

Espen Endre Abusdal
f. 29.05.1970 d. 15.08.2022

Valborg Lyssand
f. 09.05.1923 d. 17.08.2022

Wenche Karin Rindedal
f. 31.12.1941 d. 24.08.2022

Björg Reidun Haugland
f. 11.10.1940 d. 22.08.2022

Sigrun Nygard Taule
f. 22.11.1941 d. 22.08.2022

Alma Marie Drange
f. 21.01.1924 d. 28.08.2022


Jarl Abrahamson Våge
f. 18.12.1997 d. 02.09.2022

Solveig Helene Sjusren
f. 21.02.1947 d. 05.09.2022

BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



- Klarar du å teikne ein rett strek med ein linjal?
- Sjølv sagt!
- Godt gjort! Eg klarar det ikkje utan blyant.

Vitsar


- Eit egg fekk sjå seg sjølv i eit speil.
- Å nei, eg har blitt eit speilegg!

- Pass deg for trappa!
- Kva for ei trapp-app-app-app ...

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



Kjære lesar!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Kan hende er du blant dei mange som bidreg, anten praktisk eller økonomisk, til kyrkjelyden sitt arbeid allereie?

Hugs at du får skattefrådrag for gåver inntil 25000 kroner i året til gode formål. No mot slutten av året vil vi difor oppmode deg som har høve til å gje ei gåve til Os kyrkjelyd.

Det kjem mange til gode!

Du kan òg gje via VIPPS til #20250

Om du ynskjer kan du starte det nye året med å bli fast gjevar til kyrkjelyden med eit valfritt månadleg beløp ved å scanne denne koden →



Gjevaravtala di kan du administrere i Vipps-appen eller nettbanken.

På vegne av alle i kyrkja: Tusen takk!

Kvittering

Innbetalt til konto

3201 53 26254

Beløp

VALFRITT!

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt til

Kyrkja vår!

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

3201 53 26254



Kyrkja bygger vi i lag.
Det er bruk for deg!

Os kyrkje			5. mars 10:00	Dåp
30. november	19:00	Lysmesse med konfirmanter	11:15	Nattverd
4. desember	10:00	Dåp	12. mars 11:00	Dåp
	11:15	Nattverd	19. mars 11:00	Nattverd
11. desember	11:00	Dåp	26. mars 14:00	Nattverd
18. desember	11:00	Nattverd	2. april 11:00	Palmesundag. Dåp
Julaftan	14:00	Gudsteneste	7. april 12:00	Langfredagsmesse
	15:15	Gudsteneste	9. april 11:00	Påskedag. Dåp. Nattverd.
	16:30	Gudsteneste	Nore Neset kyrkje	
1. juledag	12:00	Gudsteneste	11. desember 11:00	Dåp. Nattverd.
1. nyttårsdag	11:00	Gudsteneste	Julaftan 14:30	Gudsteneste
8. januar	10:00	Dåp	16:00	Gudsteneste
15. januar	11:00	Nattverd	2. juledag 11:00	Dåp
22. januar	11:00	Dåp. Nattverd.	8. januar 11:00	Nattverd
29. januar	11:00	Dåp. Nattverd.	22. januar 11:00	Dåp. Nattverd.
5. februar	10:00	Dåp. Nattverd.	5. februar 11:00	Dåp. Nattverd.
	11:15	Nattverd	19. februar 11:00	Dåp. Nattverd.
12. februar	11:00	Nattverd	5. mars 11:00	Dåp. Nattverd.
19. februar	11:00	Dåp. Nattverd.	26. mars 11:00	Dåp. Nattverd.
26. februar	11:00	Dåp. Nattverd.	6. april 19:00	Nattverdsmåltid